



UKM Lokalmønstringen  
Gjennomført av ungdom

[UKM.no/din\\_monstring](http://UKM.no/din_monstring)



# MELD DEG PÅ VIS KVA DU KAN

UKM NORDHORDLAND 2018

10. mars 2018 - Nordhordland folkehøgskule

#UKMCREATE

#UKMMOVE

Nynorsk



DER  
UNG  
KULTUR  
MØTEST

#### KVEN

Ungdom mellom 13 og 20 år. Åleine eller fleire saman. I fjor var vi 24 000 ungdomar.

#### KVAR

Det startar lokalt! Dei fleste kommunar/bydelar har sitt eige arrangement, nokre stader har fleire slege seg saman.

UNG  
KULTUR  
MØTEST

#### KVA ER UKM

Eit nettverk av små lokale arrangement og møteplassar, der ungdom kan delta med alle slags kulturredskap. Det er også staden for deg som er interessert i sceneteknikk, arrangering, journalistikk, foto, videodokumentar, programmering og webdesign.

Kultur omfattar det meste av det vi menneske er i stand til å skape med kropp, sjel og kreativitet. Her finst det ingen forbod eller påbod - berre moglegheiter.

#### KVIFOR

Ein sjanse til å treffe andre, vise kven du er, kva du kan og kva du likar å gjere. Kanskje blir det starten på eit eventyr. Uansett ei oppleving du ikkje vil gå glipp av - og som du vil hugse lenge. Det garanterer vi.

#### KORLEIS

Meld deg på via UKM.no. Alle som ønskjer, kan delta på sitt lokale UKM. Det er gratis å vere med.

Nokre deltagarar får representere kommunen sin på fylkesmønstringa, UKM-festivalen og andre arrangement. Utvelginga skjer på grunnlag av originalitet, kreativitet, publikumskontakt og kvalitet. Til saman skal deltagarane som blir sende vidare spegle breidda i ungdomskulturen.

For påmelding og info om kva UKM-arrangementet som ligg nærist deg: Sjå [UKM.no](http://UKM.no)

UKM.NO



Unge arrangører 2018 - tar godt imot deg på mønstringa

UKM Nordhordland 2018  
Laurdag 10. mars  
Nordhordland folkehøgskule

**Påmeldingsfrist for mønstringa er mandag 26.februar kl: 16.00**

UKM er ei mønstring som du kan meldt deg på med kva du vil. Det er berre fantasien som kan stoppa deg. Du kan til dømes malte eit bilde, ta eit bilde, synga ein song, spela ein song, laga ein dans, spela eit instrument, lese eit dikt du har skrive, eller vis oss ein film du har laga.

Også i år har vi HUSBAND på plass. Det vil seiå at vi ønskjer at dei som treng "backup" til sine nummer vil få dette gjennom flinke musikarar. Det er obligatorisk at alle må bruka husbandet - vi tar ikkje imot lydfiler som backup. Det er veldig enkelt å bruka husbandet, du leverer berre inn notar til oss innan 26. februar, og musikarane startar å øva på din/dine songar. Du får øva med husbandet før mønstringa startar. Sjekk [ukm.no](http://ukm.no) for meir info.

**Meld deg, på og ver med oss på ein forrykande dag med mange flinke ungdommar frå Nordhordland.**

UNG  
KULTUR  
MØTEST